



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 10.02.2015

Møtestad: Kommunehuset

Møtetid: 10:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland, ordførar	H	Ordførar
Frode Langhelle	H	Medlem
Marit Steinstø	Krf	Varaordførar
Egil Kvingedal	V	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Bjørn Egil Nordland	AP	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og konsulent Maud Sleire Holmaas som førte møteboka.

Rådgjevar Helga Ellingsen møtte til sak 21, rådgjevar Alf Strand møtte til sak 18, 19 og 20.

Kulturskulerektor Frank Kvinge orienterte om arbeidet med Kraftspela 2015.

Sakliste

Saknr	Tittel
016/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
017/2015	Godkjenning av møtebok
018/2015	Samordna syskenmoderasjon barnehage/SFO
019/2015	Tilstandsrapport for grunnskulen 2013-14
020/2015	Godkjenning av kommunedelplan for oppvekst 2014-2026
021/2015	Kjøp av bil til pleie og omsorgtenestene i Masfjorden kommune
022/2015	Godkjenning av planprogram for bru over Masfjorden
023/2015	Arbeidsgjeverpolitiske utfordringar - innspel til mellomoppgjeret 2015
024/2015	Søknad om medfinansiering av idrett- og aktivitetsanlegg Matre
025/2015	Høringsuttale på forslag om å statleggjere den kommunale skatteoppkrevjaren
026/2015	Referatsak
027/2015	Drøfting knytt til rasfare på eidegom gnr. 24 bnr. 27 ved Ådnekvam
028/2015	Utvila låneramme formidlingslån - Husbanken

016/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

10.02.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 016/2015 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

017/2015: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

10.02.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 017/2015 VEDTAK:

Møtebok frå formannskapet den 13.01.15 vert godkjend.

018/2015: Samordna syskenmoderasjon barnehage/SFO

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Reglane for samordna syskenmoderasjon vert vedtekne slik det går fram av saksframstillinga.

10.02.2015 FORMANNSKAPET

Rådgjevar Alf Strand orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Marit Steinestø, Krf la fram nytt framlegg til vedtak:

Eldste barn ingen moderasjon, barn nr. 2 30%, barn nr. 3 eller fleire får 50%.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen og framlegg til vedtak frå Krf vart røysta opp mot kvarandre.

Framlegg til vedtak frå Krf vart samrøystes vedteke.

FS - 018/2015 VEDTAK:

Eldste barn ingen moderasjon, barn nr. 2 30%, barn nr. 3 eller fleire får 50%.

019/2015: Tilstandsrapport for grunnskulen 2013-14

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Kommunestyret har gjort seg kjend med tilstandsrapporten for grunnskulen i Masfjorden for skuleåret 2013-14 og tek rapporten til orientering med følgjande merknader:

10.02.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta det var ingen merknader til saka.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

FS - 019/2015 VEDTAK:

Kommunestyret har gjort seg kjend med tilstandsrapporten for grunnskulen i Masfjorden for skuleåret 2013-14 og tek rapporten til orientering.

020/2015: Godkjenning av kommunedelplan for oppvekst 2014-2026

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Kommunedelplan for oppvekst 2014 – 2026 med handlingsplan 2014-2018 vert godkjend slik han ligg føre, med dei endringar som har vorte gjort etter høyringsrunden.

10.02.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Rådgjevar Alf Strand orienterte.

Saka vart drøfta.

Formannskapet handsama fyrst kommunedelplanen:

Kommunedelplan for oppvekst 2014 – 2016 vert godkjent slik han ligg føre.

Røysting:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Så vart Handlingsplan for 2015 – 18 handsama:

Marit Steinstø, Krf la fram følgjande framlegg til endring av handlingsplanen:

Punkt 7 i handlingsplanen går ut. Korleis løyser me problemstillingane som finst i sektoren, må då endrast i tråd med dette.

Krf vil koma attende med endringar og tiltak til kommunestyret.

Egil Kvingedal, V la fram følgjande framlegg til endring av handlingsplanen:

Pkt 7: Tidsperiode endras til «I løpet av planperioden»

Røysting:

Framlegga frå **Krf** og **V** vart røysta opp mot kvarandre.

Krf sitt framlegg fekk 2 røyster og fall (Krf og Ap).

Så vart det røysta over heile handlingsplanen med endringa i punkt 7.

Kommunedelplan for oppvekst 2014 – 2016 vert godkjent slik han ligg føre, med føreslalte endringar i handlingsplan.

Røysting:

Framlegget til handlingsplanen vart samrøystes vedteke.

FS - 020/2015 VEDTAK:

Kommunedelplan for oppvekst 2014 – 2026 med handlingsplan 2014-2018 vert godkjend slik han ligg føre med endring i punkt 7 i handlingsplanen: Tidsperiode endras til "I løpet av planperioden".

021/2015: Kjøp av bil til pleie og omsorgstenestene i Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune kjøper bil til pleie og omsorgstenestene. Kommunal bli blir finansiert med midlar som er avsett til fond i 2013.

10.02.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Rådgjevar Helga Ellingsen orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Egil Kvingedal, V la fram følgjande framlegg til tilleggspunkt:

I utvelgelsen av bil skal miljøvennlig løysing vektleggjast.
Det skal i tillegg kjøpast inn to stk. rullestolar godkjent for transport i bil.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen med endring frå Venstre vart samrøystes vedteke.

FS - 021/2015 VEDTAK:

Masfjorden kommune kjøper bil til pleie og omsorgstenestene. Kommunal bli blir finansiert med midlar som er avsett til fond i 2013.

I utvelgelsen av bil skal miljøvennlig løysing vektleggjast. Det skal i tillegg kjøpast inn to stk. rullestolar godkjent for transport i bil.

022/2015: Godkjenning av planprogram for bru over Masfjorden

Rådmannen sitt framlegg:

Planprogram for områdeplan bru over Masfjorden dagsett 2.februar 2015 vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-9, jf. § 4-1 godkjent med følgjande endringar:

Planområdet vert utvida langs fylkesveg 570 til grensa for områdeplanen for Sandnes, for å sikra framtidig areal til fortau/gang/ sykkelveg.

Endring av framdriftsplan på i kap 4.3 sidan planområdet vert utvida.

10.02.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 022/2015 VEDTAK:

Planprogram for områdeplan bru over Masfjorden dagsett 2.februar 2015 vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-9, jf. § 4-1 godkjent med følgjande endringar:

Planområdet vert utvida langs fylkesveg 570 til grensa for områdeplanen for Sandnes, for å sikra framtidig areal til fortau/gang/ sykkelveg.

Endring av framdriftsplan på i kap 4.3 sidan planområdet vert utvida.

023/2015: Arbeidsgjevarpolitiske utfordringar - innspel til mellomoppgjøret 2015

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune har fylgjande tilbakemelding til spørsmåla i debatheftet «Arbeidsgiverpolitiske utfordringer og mellomoppgjøret 2015»:

1. Fordeling av eventuelle lønnsmidlar: Intensjonen med lokale forhandlingar er mellom anna å rette opp skeivheiter og å prioritere enkelte grupper/ stillingar ut frå lokale utfordringar og behov den enkelte kommunen har. Det krev store ressursar å gjennomføre lokale forhandlingar; spesielt i kapittel 4. Me meiner at lokale forhandlingar annan kvart år (i kap. 4) stettar kommunen sine behov for lokale tilpassingar på løn. Eventuelle lønnsmidlar til disposisjon i mellomoppgjøret 2015 kan difor fordela last sentralt.

2. Endringar i hovudavtalen: Ingen spesielle merknader til dette punktet.

3. KS` bidrag i prosessen:

a. Viktig at KS bidrar til å at det vert reelle forhandlingar. Partane sentralt må formidle tydeleg kva som er mogeleg å forhandle om, og bidra til å tydeleggjere handlingsrommet for dei som skal forhandla lokalt. KS bør vidare laga utfordringsdokument der lærarane sin situasjon og behov, samt skuleeigarane sine utfordringar vert drøfta særskilt, og forslag til tiltak vert sendt på høyring til kommunane.

b. Ha oversyn over- og formidle gode døme på lokalt inngåtte avtalar, samt evalueringar/ resultat i ettertid.

4. Pensjon: a. Mange kommunar har utfordringar med rekruttering, jf. deltidstillingar og helgeproblematikk. Det er difor viktig med pensjonsordningar som gjer at medarbeidarar har interesse av å jobba så lenge som mogeleg.

b. Pensjonsordninga er svært dyr for kommunane. Arbeidsgjevar sine kostnadar har auka mykje dei siste åra, medan medlemmene sitt bidrag er konstant, noko debatheftet omtalar. I utgangspunktet må ein jobbe for at pensjonskostnadane til kommunen ikkje vert auka. Om det likevel vert innført ordningar som medfører auka pensjonskostnad, må det vurderast om medlemane sin del også skal aukast. I utgangspunktet bør ein prøva å vidareføra novererande pensjonsystem sine hovudtrekk.

5. Leiing:

Det er viktig at KS støtter opp om lokale initiativ med planlegging og gjennomføring av leiarutvikling. KS-konsulent bør vera ein viktig ressurs for kommunane når det gjeld opplæring og leiarutvikling. Denne ressursen må vidareførast, saman med ei fleksibel ordning for bruk av OU-midlar.

10.02.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 023/2015 VEDTAK:

Masfjorden kommune har fylgjande tilbakemelding til spørsmåla i debattheftet «Arbeidsgiverpolitiske utfordringer og mellomoppgjøret 2015»:

1. Fordeling av eventuelle lønsmidlar: Intensjonen med lokale forhandlingar er mellom anna å rette opp skeivheiter og å prioritere enkelte grupper/ stillingar ut frå lokale utfordringar og behov den enkelte kommunen har. Det krev store ressursar å gjennomføre lokale forhandlingar; spesielt i kapittel 4. Me meiner at lokale forhandlingar annan kvart år (i kap. 4) stettar kommunen sine behov for lokale tilpassingar på løn.

Eventuelle lønsmidlar til disposisjon i mellomoppgjøret 2015 kan difor fordelast sentralt.

2. Endringar i hovudavtalen: Ingen spesielle merknader til dette punktet.

3. KS` bidrag i prosessen:

a. Viktig at KS bidrar til å at det vert reelle forhandlingar. Partane sentralt må formidle tydeleg kva som er mogeleg å forhandle om, og bidra til å tydeleggjere handlingsrommet for dei som skal forhandla lokalt. KS bør vidare laga utfordringsdokument der lærarane sin situasjon og behov, samt skuleigarane sine utfordringar vert drøfta særskilt, og forslag til tiltak vert sendt på høyring til kommunane.

b. Ha oversyn over- og formidle gode døme på lokalt inngåtte avtalar, samt evalueringar/ resultat i ettertid.

4. Pensjon: a. Mange kommunar har utfordringar med rekruttering, jf. deltidsstillingar og helgeproblematikk. Det er difor viktig med pensjonsordningar som gjer at medarbeidarar har interesse av å jobba så lenge som mogeleg.

b. Pensjonsordninga er svært dyr for kommunane. Arbeidsgjevar sine kostnadar har auka mykje dei siste åra, medan medlemmene sitt bidrag er konstant, noko debattheftet omtalar. I utgangspunktet må ein jobbe for at pensjonskostnadane til kommunen ikkje vert auka. Om det likevel vert innført ordningar som medfører auka pensjonskostnad, må det vurderast om medlemane sin del også skal aukast. I utgangspunktet bør ein prøva å vidareføra noverande pensjonsystem sine hovudtrekk.

5. Leiing:

Det er viktig at KS støtter opp om lokale initiativ med planlegging og gjennomføring av leiarutvikling. KS-konsulent bør vera ein viktig ressurs for kommunane når det gjeld opplæring og leiarutvikling. Denne ressursen må vidareførast, saman med ei fleksibel ordning for bruk av OU-midlar.

024/2015: Søknad om medfinansiering av idrett- og aktivitetsanlegg Matre

Rådmannen sitt framlegg:

- 1. Masfjorden kommune gjev eit tilskot med kr. 300.000,- over kraftfondet som medfinansiering av idretts- og aktivitetsanlegg Matre, til delprosjekta friidrettsbane, fleirbruksanlegg og fotballbane.**
- 2. Masfjorden kommune tek ansvar for oppføring og finansiering av nærmiljøanlegg med ein brutto kostnad på kr. 826.000,-, og nettokostnad kommunen med 346.000. Tiltak vert innarbeidd i investeringsbudsjettet ved saldering av 2015 budsjettet**
- 3. Masfjorden kommune stiller garanti for lån, fordelt med inntil kr. 1.000.000 IL Bjørn West og inntil kr. 2.000.000 Masfjorden fotballag (spesifisering av KS vedtak 86/14)**
- 4. Det vert sett ned ei prosjektgruppe med medlemmar frå Bjørn West IL, Masfjord Fotballag og Masfjorden Kommune for å styre og gjennomføra prosjektet jf. elles kommunen sitt økonomireglement vedk. investeringsprosjekt.**
- 5. Masfjorden kommune kan forskottere nokre av delkostnadene til il/fotballaget etter nærare avtale mellom partane**

10.02.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 024/2015 VEDTAK:

- 1. Masfjorden kommune gjev eit tilskot med kr. 300.000,- over kraftfondet som medfinansiering av idretts- og aktivitetsanlegg Matre, til delprosjekta friidrettsbane, fleirbruksanlegg og fotballbane.**
- 2. Masfjorden kommune tek ansvar for oppføring og finansiering av nærmiljøanlegg med ein brutto kostnad på kr. 826.000,-, og nettokostnad kommunen med 346.000. Tiltak vert innarbeidd i investeringsbudsjettet ved saldering av 2015 budsjettet**
- 3. Masfjorden kommune stiller garanti for lån, fordelt med inntil kr. 1.000.000 IL Bjørn West og inntil kr. 2.000.000 Masfjorden fotballag (spesifisering av KS vedtak 86/14)**

4. Det vert sett ned ei prosjektgruppe med medlemmar frå Bjørn West IL, Masfjord Fotballag og Masfjorden Kommune for å styre og gjennomføra prosjektet jf. elles kommunen sitt økonomireglement vedk. investeringsprosjekt.

5. Masfjorden kommune kan forskottere nokre av delkostnadene til il/fotballaget etter nærmare avtale mellom partane

025/2015: Høyringsuttale på forslag om å statleggjere den kommunale skatteoppkrevjaren

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune rår i frå statleggjering av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016, og me meiner at dagens løysing gjev dei beste resultata og framstår som ei effektiv organisering. Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å handsama i den kommande kommunereforma. Forslaget inneberer ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjøn og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat.

10.02.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 025/2015 VEDTAK:

Masfjorden kommune rår i frå statleggjering av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016, og me meiner at dagens løysing gjev dei beste resultata og framstår som ei effektiv organisering. Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å handsama i den kommande kommunereforma. Forslaget inneberer ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjøn og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat.

026/2015: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

10.02.2015 FORMANNSKAPET

Orienteringar:

Kraftspela - Kulturskulerektor Frank Kvinge orienterte om arbeidet med Kraftspela 2015.

BKK - Konsesjonskraft.

Det vises til møtet på Kokstad mandag 8. desember der vi diskuterte prissettingen på konsesjonskraftrettighetene til Masfjorden kommune.

Masfjorden kommune har en total konsesjonskraftrettighet på 69,3 GWh, derav avregnes 32,4 GWh av konsesjonskraften etter OED-pris og de resterende 36,9 GWh avregnes etter en individuell selvkostpris (konsesjoner før 1959). I og med at kommunens uttak av konsesjonskraft er begrenset oppad til forbruket i kommunen, har Masfjorden kommune siden 2011 fått deler av sitt konsesjonskraftsvolum avregnet etter selvkostpris. For 2015 er uttaksrettigheten til kommunen estimert til 38 GWh. Det vil dermed være 5,6 GWh av konsesjonskraftsvolumet til kommunen som vil få prisen satt etter individuell selvkost. For 2015 er OED-prisen satt til 10,60 øre/kWh, mens beregnet selvkostpris er 11,71 øre/kWh. Vi har gjort noen grove beregninger av effekten av virkningen på selvkostprisen når rehabiliteringen av kraftverket i Matre Haugsdal er ferdigstilt. Foreløpige beregninger tyder på at konsesjonskraftprisen de første årene fra og med 2018 vil stige til ca 20 øre/kWh.

I møtet 8. desember formidlet Masfjorden kommune at man ønsket å få OED-pris på alle sine konsesjonskraftrettigheter. Fra BKK Produksjon sitt ståsted er det vanskelig å kunne gi en bestemt rettighetshaver av konsesjonskraft avvikende rettigheter sammenlignet med øvrige som har lignende rettigheter. Av den grunn har vi konkludert med at vi ikke kan gi Masfjorden kommune OED-pris på konsesjonskraftsrettighetene som er fra før 1959.

Det pågår for tiden en diskusjon om man skal innføre ett prisregime for konsesjonskraft, og om hvilke tilpasninger som da eventuelt bør gjøres i OED-prisen. Det er vanskelig for BKK å spå hva som være utfallet av de vurderingene som gjøres i denne sammenhengen. En innføring av et slikt regime vil naturlig nok føre til at Masfjorden kommune vil få en og samme pris på hele sitt konsesjonskraftvolum. Hvis dette blir konklusjonen er det grunn til å tro at dette vil være på plass før 2018 når den økte selvkostprisen knyttet til Matre Haugsdal slår inn.

Vennlig hilsen

Trond Knudsen
Økonomisjef
BKK Produksjon AS

Støysak - Nærmiljøanlegg Sandnes

Den 2.februar vart det halde møte kring formannskapsvedtaket i saka «klage på støy frå nærmiljøanlegg ved Sandnes skule» mellom klagarane ved Frode Vee-Haugen og Morten Flaterås, og kommunen ved ordførar og rådmann.

Partane samde om å kutte ut ny utgreiing av konsulent, og heller vurdere konkrete støydempande tiltak som

- 1) nett og
- 2) matter.

Ordførar sjekkar ut teknisk løysing av nett – oppheng – kostnader. Sak formannskapet med innspel frå andre berørte partar når alternativa er klargjort og utgreidd. Info om møte vert gitt i formannskapsmøte 10.febr.

Referatsaker:

1. Brøyting og strøing kommunale vegar - presisering av vilkår i brøytekontraktane med meir
2. Gjennomføring av kommunereforma i Gulen kommune - vedtak frå kommunestyret
3. Høyringsutale klinikksstrukturplan tannhelsetenesta
4. Motsegn - Masfjorden kommune sin kommuneplan, arealdelen
5. Vedtak i klagesak som gjeld dispensasjon for frådeling av bustadtomt på gbnr 27/3 i Masfjorden kommune

FS - 026/2015 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

027/2015: Drøfting knytt til rasfare på eigedom gnr. 24 bnr. 27 ved Ådnekvam

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet viser til saksutgreiinga til rådmannen, og meiner at Masfjorden kommune ikkje har noko ansvar for å tinga rasvurdering eller gjennomføra rassikringsarbeid knytt til fritidsbustad på gnr. 24 bnr. 27.

10.02.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland stilte spørsmål om han var ugild i saka og fråtrer

Saka vart drøfta.

Røysting:

Samrøystes vedteke at ordførar Karstein Totland er gild i saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 027/2015 VEDTAK:

Formannskapet viser til saksutgreiinga til rådmannen, og meiner at Masfjorden kommune ikkje har noko ansvar for å tinga rasvurdering eller gjennomføra rassikringsarbeid knytt til fritidsbustad på gnr. 24 bnr. 27.

028/2015: Utvida låneramme formidlingslån - Husbanken

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune søker om lån hjå Husbanken som Startlån for vidare formidling med totalt kr 2 500 000 for 2015.

Lånet nedbetalast over 15 år som serielån utan avdragsfri periode.

10.02.2015 FORMANNSKAPET

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 028/2015 VEDTAK:

Masfjorden kommune søker om lån hjå Husbanken som Startlån for vidare formidling med totalt kr 2 500 000 for 2015.

Lånet nedbetalast over 15 år som serielån utan avdragsfri periode.

Rett utskrift av møteprotokoll frå formannskapet den 10.02.15 vert vitna:

Karstein Totland
ordførar

Marit Steinstø
varaordførar